



FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Arbeidsdepartementet
Postboks 8019

0030 OSLO

Vår ref.
04/1054-11/AHE
12/5945

Dykkar ref.

Arkiv
K2-U30

Dato:
17.07.2012

Høyringsuttale NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak - Fjaler kommune

Vedlagt fylgjer høyringsuttale frå Fjaler kommune.

Med helsing

Arve Helle
ordførar
-sign-
Direkte tlf: 91737562

Ola Hovland
rådmann

Fjaler kommune

Høringsuttale NOU 2012:6 Arbeidsretta tiltak

Innleiing

Arbeidsdepartementet har oversendt «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» på høyring, med frist til 13.07.12 til å gi uttale til utreiinga.

Fjaler kommunane, er samd i Brofoss utvalet sitt ynskje om å styrke arbeidsmoglegheitene for personar med nedsett arbeidsevne. Vi støttar utvalet i behovet for å auke innsatsen ovanfor desse målgruppene. Det er etter vår oppfatning heilt naudynt, dersom vi skal lykkast med å få fleire ut i arbeidslivet.

Utvalet er delt i si tilråing av framtidig organisering av arbeidsretta tiltak og har framsett framlegg til tre ulike modellar. Vi oppmodar difor om at det vert utarbeidd ei stortingsmelding, der Regjeringa klargjer sine ynskje. Dette vil gi eit betre grunnlag for å treffe den beste slutninga.

Fjaler kommune støtter modellen som har størst oppslutting i utvalet, modell 1.

Høringsuttale

Fjaler kommune er eigar av aksjeselskapet og vekstbedrifta Vevang Produksjon. Verksemda leverer tenester til nærliggande kommunar i Hafs-regionen (Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen). Det er difor naturleg at «NOU 2012:6 Arbeidsrettede tiltak» får merksemd i heile regionen.

Vevang Produksjon leverer tiltaka VTA og APS til NAV. Tiltaka inngår i ei rammeavtale mellom verksemda og NAV Sogn og Fjordane. I 2011 vart verksemda equass-sertifisert og har kvalitetssikra dei sosiale tenestene verksemda har. Verksemda har eksistert i over 20 år og har opparbeidd erfaring og god kompetanse på tilretteleggingar i arbeidslivet.

Fjaler kommune kan ikkje sjå at det føreligg forskningsmessig grunnlag, korkje økonomiske innsparingar eller forbetra kvalitet ved konkurranseutsetting av «mjuke tenester».

I Sverige er det føreteke utreiingar som viser at privatisering av velferda ikkje har auka effektiviteten, jmf «Studieforbundet Næringsliv och Samhälle». EU-undersøkingar viser at Noreg ligg på topp når det gjeld transaksjonskostnader. Tiltaket «avklaring» i skjerma verksemd, som vert betalt med rammetilskøt har vist seg å vere rimelegare enn når same tiltaket har vore ute på anbod og betalast pr time.

Ei framtidig oppfylging gjennom modell 3 i NOU, vil kunne bygge ned kompetansen etablerte verksemdar som Vevang Produksjon AS i dag har. Konkurranseutsette tenester vil kunne vere meir sårbare for rekruttering av tilsette i HAFS-regionen.

Den kommunale eigarskapen er ei styrke for attføringsarbeidet, og sikrar langsiktig planlegging, stabilitet både i rammer og tenesteinnhald og legg gjennom dette til rette for vekst og utvikling.

Gjennom modell 1, med stabilitet i rammer og tenester, vil Vevang Produksjon AS levere best mogleg tenester til innbyggerane i HAFS-regionen.

Modellen fylgjer kjerna i det systemet vi har i dag og fokuserer på tidleg intervensjon i attføringsarbeidet, heilskaplege tiltak der ventetidene vert reduserte, endringsprosessar hos brukar og i arbeidslivet for å inkludere fleire menneske. Metodikken og kompetansen hos tiltaksarrangør vert styrka. Modellen legg til rette for at både vekst-attføringsbedriftene og NAV reindyrkar rollene sine.

Modell 2 føreset at næringslivet er «klare til» å ta over attføringsarbeidet. Val av modell 2 vil kunne føre til avvikling av vekst-og attføringsbedrifter og gjennom dette fråta mange menneske med nedsett arbeidsevne, ein arbeidsstad dei trivast på.

Sogn og Fjordane er eit fylke med låg arbeidsløyse, samanlikna med resten av landet. Likevel fell nærare 1 av 3 menneske ut av yrkeslivet av ymse grunnar. HAFS regionråd ynskjer å tilrettelegge for vekstvilkår for attføringsarbeidet lokalt, slik at innbyggerane i HAFS få gode tenester òg i framtida.

Fjaler kommune støttar eit samla utval i synet om at meir av attføringa skal føregå i ordinært arbeidsliv. Attføringsarbeidet må utførast av menneske med naudsynt attførings- og inkluderingskompetanse.

Vi er usikre på om det er føremålstenleg og rett at NAV skal ha ei utvida rolle i attføringsarbeidet, som arrangør av attføringstenester, slik modell 2 føreset.

Etter vår mening bør NAV framleis ha rolla som avklarande, kontrollerande og oppfylgjande instans og styrke samarbeidet med vekst-og attføringsbedriftene, slik at attføringsarbeidet vert til det gode for innbyggerane i regionen.